



Henrik Johannes Fyllingen
Sandvikavegen 300
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 20/15133 - 20/61692

Saksbehandler:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
30.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 205/23 Hakseter

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 205/23
Tiltakshavar: Ingunn Birkeland Fyllingen og Henrik Johannes Fyllingen

Alver kommune har 04.09.2020 mottatte melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Sandvikavegen 300, 5915 Hjelmås. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Henrik Johannes Fyllingen
Ingunn Birkeland Fyllingen

Sandvikavegen 300
Sandvikavegen 300

5915
5915

HJELMÅS
HJELMÅS